

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Planendring – Nyasetdalen kraftverk, Vik kommune

Vi viser til Sognekraft AS sin planendringssøknad av 15.07.2016 og til NVE sitt høyringsbrev av 21.11.2016, dykkar ref.: 200803245-30, og takkar for at vi har fått saka på høyring.

Feil kotehøgde for inntaket i opphavelag konsesjonssøknad:

Sognekraft AS opplyser i sin endringssøknad at meir nøyaktige målingar viser at kotehøgda for inntaket i den opphavelage konsesjonssøknaden var 30 m feil. Tidlegare oppgitt kotehøgde 770 m, korrekt kotehøgde 800 m. Dette betyr at NVE sitt konsesjonsgitte inntak på i overkant av kote 720, i realiteten ligg på i overkant av kote 750. Kotehøgda for kraftstasjonen som er oppgitt i den opphavelage konsesjonssøknaden, kote 470, er – slik vi oppfattar det – korrekt.

Det er i praksis uråd for oss å kontrollere dei nye kotehøgdena, men vi har all grunn til å tru at opplysningane er korrekte, så vi legg dei nye kotehøgdena til grunn i denne fråsegna.

Konsekvens av dei korrigerede kotehøgdena: Dei korrigerede kotehøgdena fører til at fallhøgda i den konsesjonsgitte utbygginga (og i den opphavelage søknaden) vert 30 m høgre enn det som er lagt til grunn i konsesjonen. Konsesjonsgitt fallhøgde aukar frå i overkant av 250 m til i overkant av 280 m. **Dette betyr at produksjonen for den konsesjonsgitte utbygginga aukar frå ca. 4,5 GWh til ca. 5 GWh.** Dette betyr også at utbyggingskostnaden pr. kWh vert markert lågare.

Generelle kommentarar til Sognekraft AS sin endringssøknad:

For oss er endringssøknaden så mangelfull og til dels misvisande at det er vanskeleg for oss å ta skikkeleg stilling til den. (Dette blir forverra av at underskrivne dessverre ikkje hadde høve til å vere med på NVE si sluttsynfaring.) Vi vil likevel ta stilling ut frå den informasjonen vi har.

For å gjere det enklare å vurdere søknaden, hadde det for oss vore sterkt ønskjeleg å ha foto ikkje berre frå den nye inntaksstaden i endringssøknaden, men også frå den konsesjonsgitte inntaksstaden ca. 45 høgdemeter lenger nede, slik at ein kunne samanlikne.

Det bør lagast ei ny side med «2.1 Hoveddata» for kraftverket, tilsvarende den på side 6 i den opphavelage konsesjonssøknaden. Denne sida må etter vårt syn ha kolonner for 2 utbyggingsalternativ:

1. Ny omsøkt inntaksstad + ny omsøkt plassering av kraftstasjonen. Minstevassføring 100/15.
2. Noverande konsesjonsgitt inntaksstad med korrigerede kotehøgde + ny omsøkt plassering av kraftstasjonen. Minstevassføring 100/15 l/s, som konsesjonsgitt.

Nye hovuddata er viktig for å få fram korrekte fallhøgder, korrekte vassføringstal for alternativet med den konsesjonsgitte inntaksstaden (nedslagsfeltet og dermed vassføringstala der er større), nye produksjonstal for kraftverket, og nye korrigerede tal for utbyggingspris pr. kWh. Det må også lagast nye korrigerede tal for utbyggingskostnadane for dei to alternativa.



Tala som Sognekraft AS opererer med under «Konklusjon» på side 2 i endringssøknaden, må vi dessverre karakterisere som relativt grov feilinformasjon.

Grunngjeving: Sognekraft AS har ikkje teke omsyn til at fallhøgda for kraftverket, noko dei sjølv har påpeika, er auka med 30 m. Dette gir relativt store utslag både på produksjonen i GWh og på utbyggingsprisen pr. kWh. **Vi ber NVE om å pålegge Sognekraft AS å kome med nye korrigerte og dokumenterte tal, til dømes i form av nye «2.1 Hoveddata» og nytt kostnadsoverslag!**

Kommentarar til søknaden om ny plassering av kraftstasjonen:

I den opphavelige konsesjonssøknaden var plasseringa av kraftstasjonen for Nyasetdalen kraftverk planlagt kloss oppstrøms eitt av bekkeinntaka til Feios kraftverk. No er det gjort nye vurderingar for Feios kraftverk, slik at det aktuelle bekkeinntaket vert flytta ned til kote 440. Som følgje av dette, søker Sognekraft AS om at kraftstasjonen for Nyasetdalen kraftverk får «følge etter» nedover, slik at den vert plassert på kote 443 i staden for den konsesjonsgitte plasseringa på kote 470. Dette vil gje ei auka fallhøgde på 27 m.

Slik vi ser det, (men vi burde ha vore på synfaring,) vil ikkje kombinasjonen av flyttinga av bekkeinntaket for Feios og kraftstasjonen for Nyasetdalen 27 m nedover langs elva føre til vesentleg auka ulemper for ålmenne interesser. Basert på vårt (dessverre litt mangelfulle) kunnskapsgrunnlag, har vi derfor ikkje merknader til at kraftstasjonen for Nyasetdalen kraftverk vert flytta ned til kote 443.

Kommentarar til søknaden om ny plassering av inntaket på ca. kote 795:

Sognekraft AS søker om å få flytta inntaket frå den konsesjonsgitte plasseringa på i overkant av kote 750 (korrigert tal) og opp til kote 795. Dette er nesten heilt opp att til den opphavleg konsesjonssøkte inntaksplasseringa som ikkje vart akseptert av NVE. I grunngjevinga for søknaden om flytting av inntaket, har Sognekraft AS – som vi har påpeika ovanfor – **brukt feil tal for produksjon og utbyggingspris pr. kWh**, fordi dei ikkje har teke omsyn til at fallhøgda er auka med 30 m.

I grunngjevinga for at inntaket vart flytta knapt 50 høgdemeter nedover frå det som var konsesjonssøkt, skreiv NVE i «KV-notat nr. 6/2012 - Bakgrunn for vedtak» mellom anna: «*En flytting av inntaket ned til et område med mindre innsyn vil avbøte konsekvensene for landskapet og friluftslivet i fiellområdene rundt betydelig.*» Vi i Turlaget støttar NVE si vurdering av dette 100%, og håpar at NVE vil halde fast på denne vurderinga også ved handsaming av endringssøknaden.

I endringssøknaden skriv Sognekraft AS mellom anna: «*Men ved å flytte inntaket ned på kote 795 vil inntaket ligge i eit søkk i terrenget og ikkje vere så dominerande i landskapet som det som var omsøkt.*»

Vi er sterkt ueinige i Sognekraft AS sin påstand. Fotoet i Vedlegg 1 viser at inntaket er tenkt plassert i heilt ope terreng, og at skilnaden mellom eit inntak på kote 795 og eit inntak på kote 800 vil vere heilt minimal. Begge desse inntaksalternativa vil vere like dårlege!

Sognekraft AS hevdar at området er under gjengroing. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for den påstanden heller. Fotoet viser at det er sauer på beite i området, og inntrykket vi får av fotoet er at her er det godt beite. Sauebeiting hindrar gjengroing, og så lenge det er slik beiting er det svært lite sannsynleg at området vil gro igjen.

Konklusjon: Vi går sterkt mot at inntaket vert flytta opp att til kote 795, og oppmodar NVE like sterkt om å halde fast på den konsesjonsgitte inntaksplasseringa som (etter korrigering) er på i overkant av kote 750!

Samandrag av Turlaget sitt syn på endringssøknaden:

Vi aksepterer at kraftstasjonen vert flytta nedover frå kote 470 til kote 443. Ei slik flytting vil truleg ikkje føre til særleg auka ulemper for dei ålmenne interessene, og den vil vere ein ganske vesentleg fordel for utbyggaren.

Vi går sterkt mot flytting av inntaket opp til kote 795, og ber NVE halde fast på den konsesjonsgitte inntaksplasseringa på i overkant av kote 750. Med den nye kraftstasjonsplasseringa, og etter korrigeringa av kotene for inntaket, vil fallhøgda for kraftverket auke frå 300 m i den opphavelige konsesjonssøknaden til minimum 307 m. (Kanskje litt meir, avhengig av kortleis «i overkant av kote 750» vert definert.) Dessutan vil middelvassføringa auke fordi nedslagsfeltet vert større med den konsesjonsgitte inntaksplasseringa. Det er all grunn til å tru at dette både for dei ålmenne interessene og for utbyggaren vert eit betre prosjekt enn det som vart konsesjonssøkt. (At prosjektet opphavelig vart konsesjonssøkt med 0 – null – i minstevassføring har vi då sett bort frå som heilt urealistisk, og utenkjeleg å få gjennomslag for.)

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)